

Ikveld klokka 22.40 bør du skrue på TV2 og sjå Hjeltnes-reportasjen som til slutt skal femna om det meste av landet - sett frå lufta. Den vil ikkje eksponera Ulvanåso i den grad som det var kunngjort på førehand, men helikopteret sneiar innom vår bygd og vårt stolte fjell før turen går over Hauglandsfjellet og Mannsvatnet i retning Rosendal. Og både baronibygd og breen vert eksponert som fortent, Opptaka frå Melderskinmassivet er verkeleg spektakulære.

Hjeltnes er godt førebudd til denne superguidinga og i Hordaland er han dertil på heimebane,

Ellers har vi ein viss sympati med utsagnet frå den tidlegare sjefen for TV2 som i går sa at dei heller burde ha leigd inn NRK til å gjera denne jobben.

For den fyrste dagen gjekk det litt for mykje over stukk og stein - bokstaveleg tala - og då siktar vi framom alt til teknikken. Det er mykje som tyder på at NRK er betre rusta til å løysa slike tunge oppgåver og lista over feil og manglar er berre etter den fyrste dagen i lengste laget. Og kvifor ikkje litt roleg bakgrunnsmusikk?

Det er gunn til å minna om at også hurtigruteføljetongen tok seg opp etterkvart som båten seig nordover. Dommen skal ikkje falla før uti juni, men det er liten gunn til å juble etter den første dagen på skjermen. Den sendinga vara i berre 25 knappe minuttar og bygda Uskedalen med fjella var ikkje med.

Men ved å klikke inn på [TV2 si side](#) finn de omtale og bilde frå m.a.Ulvanåso, Kviteggjo og Trolltunga frå første filmedag.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen.